

Referat frå styremøte i BKA 10.10.16 i Kirkens hus, Oslo

Til stades: Finn Bjørnar Lund, Torill Jenssen, Kåre Eia, Thelma Kraft, Christian Holst, Ola Dimmen vart hindra frå å møte

Astrid Brekken og Laila Riksaasen Dahl (som etter eige ynske gjekk frå møtet etter punkt 6 på dagsorden)

1. Dei to nye styremedlemmene Thom Kåre Eia og Christian F Holst vart presenterte og ynskt velkomne.

2. Møtetreferent: Astrid Brekken

3. Referat frå styremøtet 26. august godkjent.

4. Kort oppsummering etter landsmøtet/årsmøtet 24-25.9 i Trondheim.

Først: stor takk til BKA Trondheim som på kort varsel laga eit strålande opplegg.

Karakteristikkar av møtet: dramatisk, spennande, gode taler/innleiingar, stort engasjement, til tider ein smule forvirrande.

Notert: BKA må bli røffare og tydelegare.

Viktig nå at vi går vidare og ivaretar vedtaket på årsmøtet om BKA's rolle i søksmålet Arktis/paragraf 112. «Vi skal få «skuta til å seile vidare i god fart», utsagn signert Christian Holst, og som fekk full tilslutning.

Erfaring som bør vera med til neste landsmøte: Årsmøtedelen bør skje laurdag, og ha rikeleg med tid.

5. **Laila Riksaasen Dahl orienterte om Greenpeace** og informasjonen BKA har fått om økonomi i samband med klimasøksmålet mot staten. Ho meiner denne informasjonen har vore uklar. Vedtaket på årsmøtet om BKA's rolle i søksmålet mot staten vart sendt GP straks etterpå, og svarbrev frå GP kom 1. oktober.

6. **a) Brev frå Laila Riksaasen Dahl om at ho ynskjer å gå ut av styret i BKA.** Styret tar det til etterretning. Før ho gjekk frå møtet understreka ho sterkt og til applaus at ho fortsatt er «veldig medlem i BKA». **b) Ola Dimmen har grunngitt at han vil trekke seg frå styret** «fordi han ikkje kan stille seg bak årsmøtets vedtak om å være medsaksøker, og fordi han ikkje ser at styret er tjent med hans deltakelse i det vidare arbeidet med søksmålet».

7. **Val av interrimstyreleiar.** Finn Bjørnar Lund vart einstemmig vald.

8. **Det ekstraordinære årsmøtet.** Det blir eit nettmøte. 16. og 17. november 2016 blir stemmedagar, ved bruk av epost og sms. Forslag til nye styremedlemmer må sendast valkomiteen seinast 14 dagar før – altså innan 1. november. Det blir umiddelbart sendt ut brev som orienterer om møtet til alle BKA-medlemmer, brevet blir også publisert på BKA's nettside. Styremøtet diskuterte den tekniske løysinga på innsending/opptelling av stemmer, og Christian Holst og Finn Bjørnar Lund tok på seg

dette arbeidet. Organisasjonssekretær Bjørghild des Bouvrie er klar til å sende ut både varselbrevet og innkalling til det ekstraordinære årsmøtet. (Ho var forhindra frå å vera med på dette styremøtet.)

9. **Nettredaktør for BKA.** Halfdan Wiik seier i eit brev til styret at han «vil vurdere et tilbud om å fortsette som redaktør». Interrimstyret tar dette til etterretning, og finn det riktig at det nye styret som er på plass etter det ekstraordinære årsmøtet avgjer dette. Inntil da er vi takksame for at Halfdan Wiik redigerer heimesida. Finn Bjørnar Lund vidareformidlar informasjonen styret ynskjer publisert.

10. **Dekning av reiseutgifter for styremedlemmer til årsmøtet.** Styret vedtok at styremedlemmer i BKA skal få dekkja reiseutgifter til årsmøtet ut over 1000 kroner.

11. **Attesting av rekningar.** Interrimstyreleiar Finn Bjørnar Lund signerer inntil ny styreleiar er vald, assistert av Christian Holst når det trengs.

12. **Neste styremøte:** Det blir tysdag 25. oktober kl 11:00 i Oslo, Finn Bjørnar ordnar med møterom og gir beskjed om det seinare.

13. **Valkomiteens oppgaver:** Under dette punktet var leiar i valkomiteen Grethe Horn Mathismoen til stades og orienterte om at arbeidet med å finne ny styreleiar og to styremedlemmer er i god gjenge.

14. Eventuelt.

1. Brev frå Bjørghild des Bouvrie om takk til styremedlemmar som har gått ut av styret, og til revisor for BKA-regnskapet i 2016. Finn Bjørnar Lund tar seg av dette.

2. Uttalelse om Klimalov, frist 9.12.16: Christian Holst utarbeider BKA's kommentarar og samrårer seg med Steinar Høiback.

3. Støttegruppa for klimasøksmålet mot staten har til nå tre medlemmer: Thelma Kraft, Astrid Brekken og Nils Erik Lie. Gruppa skal snarast starte arbeidet, og rekrutterer ein eller to medlemmer til.